



Jørn Øyrehagen Sunde har i alle år hatt eit sterkt engasjement for Baroniet og dette biletet vart teke då han heldt foredrag der tidlegare i år. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedeling og professor i rettshistorie, dr. juris Jørn Øyrehagen Sunde (36) lanserer tysdag "Dekalogen" på Universitetsbiblioteket i Bergen. Det er ei essaysamling som han har vore initiativtakar til og redaktør for og som handlar om dei ti bodorda.

Undertittelen er "13 essay om menneske og samfunn i skjæringspunktet mellom rett og religion". Bidragsytarane kjem frå heile Norden.

- Behovet for heilagging, for vern om liv og eigedom, for sanning og truskap er ikkje spesifikt kristent eller religiøst, men allmennmenneskeleg, held Øyrehagen Sunde fram i si introduksjon av boka.

Dei ti bodorda kan fortelja oss noko om tilhøvet mellom rett og religion, om vår kulturarv men og om allmennmenneskelege førestillingar som ligg til grunn for samkvemmet mellom oss.

- Det er dette ein får fram med det rettshistoriske perspektivet som ligg til grunn for dei 13 essaya i Dekalogen, held redaktøren fram. Føremålet med prosjektet har vore å få fram den mangslungne rolle dei ti bodorda har spelt i nordisk rettshistorie og å vise fram bodorda sitt mangfald når det gjeld tolking og verknad opp gjennom rettshistoria.

Tema i antologien har stor spennvidde – frå jusens religiøse karakter til familien som samfunnsbyggjestein, frå ærekjensle til militær intervensjon og frå seksuell utukt til reglar om søndagslukka butikkar! Tidsmessig spenner bidraga frå tidleg mellomalder og like fram til i dag og kvart essay er illustrert av fotograf Eirik Holmøyvik.

Redaktøren har sjølv eit innleiande essay som han har kalla "Ebenesar" og som i stor grad handlar om hans eigen oppvekst i Uskedalen på 1970-talet. Faktisk fekk han ideen om ein rettshistorisk antologi om dei ti bodorda etter å ha byrja å filosofere over denne oppveksten. Ein ebenesar er ein stein som Samuel sette opp til minne om den hjelp Herren hadde ytt Israel sitt folk i deira naud.

Øyrehagen Sunde skriv at den største skilnaden mellom Uskedalen før og no er at det ikkje lenger finst ein ebenesar sett ned ein stad mellom ungdomslagshus og bedehus. Men då han vaks opp stod religionen sterkt og han er "viss på at ein stad mellom bedehus og ungdomslagshus stod det ein ebenesar som eit grenseskilje mellom truande og heidningar", som han formulerar det.


Han avsluttar innleiingskapitlet sitt slik: "Vil ein tenkje på ein ebenesar som nettopp ein minnestein så kan antologien tena som ei påminning om det mangfaldet dei ti bodorda har vore eller kan vera utgangspunkt for". Øyrehagen Sunde har sjølv skrive om det andre bodordet og nytta overskrifta "Dialog, orden og samkvem".

Dette prosjektet, har vore svært krevjande, medgir Øyrehagen Sunde overfor Grenda. Det tok til hausten 2005 med at han inviterte ei gruppe nordiske rettshistorikarar til å skriva eit essay om eitt av dei ti bodorda etter fritt val.

Tidlegare har Øyrehagen Sunde vore redaktør for ei anna samling og han har også forfatta to bøker på eigenhand.

Ved årsskiftet kjem doktorgradsavhandlinga hans i bokform. Den tek utgangspunkt i rettstilhøva i Rosendal og Alta på 1700-talet.

Av Ola Matti Mathisen




FAGBOKFORLAGET

"Dekalogen" blir lansert i Bergen tysdag.